



## DELÅRSRAPPORT 4. kvartal 2020

Voss, 9. februar 2021  
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA  
Postboks 10, 5701 Voss  
Telefon: 56 52 35 00 faks 56 51 27 47  
[www.vekselbanken.no](http://www.vekselbanken.no)  
E-post: [post@vekselbanken.no](mailto:post@vekselbanken.no)

# DELÅRSRAPPORT 4. KVARTAL 2020

## GENEREKT

Rekneskapen er utarbeidd etter IFRS (International Finance Reporting Standard).

## RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA legg fram eit resultat før tap for utgangen av 4. kvartal på 50,6 mill. kr. Dette er ein reduksjon på 12,4 mill. kr i høve til same periode i 2019. Resultat av ordinær drift før skatt er 43,1 mill. kr mot 60,5 mill. kr i 2019. Resultat etter skatt er 33,3 mill. kr mot 46,8 mill. kr i 2019.

Totalresultat pr. utgangen av 4. kvartal 2020 er 34,8 mill. kr mot 48,5 mill. kr for same periode i fjar.

Eigenkapitalavkastninga etter skatt er 6,1 % pr. utgangen av 4. kvartal i år mot 9,6 % for tilsvarende periode i fjar. Nedgangen skuldast i hovudsak auka nedskrivingar på utlån, eingongskostnad knytt til byte av datasentral frå SDC til TietoEVRY og i tillegg noko høgare IKT-kostnader.

For 4. kvartal isolert (2019 tala i parentes) er resultat før tap 8,5 mill. kr (18,3), resultat før skatt 6,9 mill. kr (15,6), resultat etter skatt 5,7 mill. kr. (13,0) og totalresultat 7,7 mill. kr (14,4).

## RENTENETTO

Netto rente- og kreditprovisjonsinntekter ved utgangen av 4. kvartal er bokført til 91,6 mill. kr. Dette er ein reduksjon på 4,7 mill. kr i høve til 2019.

Isolert for 4. kvartal var netto rente- og kreditprovisjonsinntekter 22,8 mill. kr mot 27,5 mill. kr i 2019. I samband med avslutning av ein renteswap som var knytt til fondsobligasjonen som vart innløyst i mai 2020, vart det i 4. kvartal ført ein ekstra rentekostnad på 0,8 mill. Dette er ein eingongseffekt knytt til oppgjer av denne.

Rentemarginen, definert som netto renteinntekter i prosent av rådveldekapital, er ved utgangen av 4. kvartal 1,61 % (1,81 %).

## ANDRE DRIFTSINNTEKTER

Ved utgangen av 4. kvartal bokfører banken akkumulert netto andre driftsinntekter på 15,1 mill. kr. Dette er på same nivå som same periode i fjar. Netto provisjonsinntekter har auka med 0,2 mill. kr, medan utbytte og netto verdiendring på finansielle instrument er redusert med 0,2 mill. kr.

For kvartalet isolert er netto andre driftsinntekter 5,1 mill. kr mot 4,5 mill. kr i 2019.

Det er positivt å registrere at provisjonsinntekter frå sal av forsikrings- og spareprodukt framleis aukar jamt og trutt. Dette er områder banken satsar på. Banken får fleire kundar innan forsikring og sparing/plassering.

## DRIFTSKOSTNADER

Banken sine driftskostnader er ved utgangen av 4. kvartal bokført til 56,1 mill. kr mot 48,4 mill. kr i fjar. Lønn og andre personalkostnader er redusert med 0,3 mill. kr, medan andre driftskostnader har auka med 7,1 mill. kr. Vekselbanken børsmelde 18. desember 2020 at banken saman med ei rekke andre bankar i Eika Alliansen har inngått avtale med TietoEVRY, og TietoEVRY vert med dette banken sin nye framtidige leverandør av kjernebankløysingar. Samtidig er avtalen med noverande leverandør

SDC sagt opp i 2020. Samla kostnader for konverteringa er estimert til 11,3 mill. kr, og av dette er 6,0 mill. kr kostnadsført i 4. kvartal 2020. Øvrige kostnader er planlagt kostnadsført i perioden 2021 – 2023. Samla årleg innsparing når banken har skifta kjernebankleverandør er førebels estimert til 4 mill. kr årleg.

Elles skuldast auka kostnader i 2020 høgare IKT-kostnader samanlikna med 2019.

Avskrivingane har auka med 0,9 mill. kr. I fjar hadde banken ei ekstraordinær inntekt på sal av anleggsmiddel på 1,5 mill. kr, slik at dei faste avskrivingane er redusert med 0,6 mill. kr.

Isolert for 4. kvartal er driftskostnadane 19,3 mill. kr mot 13,6 mill. kr i 2019.

### TAP OG MISLEGHALDNE LÅN

Ved utgangen av 4. kvartal har banken netto kostnadsført tap og nedskrivingar på utlån med 7,5 mill. kr mot 2,5 mill. kr i fjar. For nærmere spesifikasjon, sjå note 2 og 3.

For 4. kvartal isolert aukar netto kostnadsført tap og nedskrivingar på utlån med 1,6 mill. kr mot 2,7 mill. kr i tilsvarende periode i 2019.

Banken har i lys av covid-19-utbrotet auka nedskrivingane på utlån sidan mars, og har vidareført det i 4. kvartal grunna framleis stor usikkerheit kring den økonomiske utviklinga.

### RÅDVELDEKAPITAL

Banken sin rådveldekapital ved utgangen av 4. kvartal er 5.806 mill. kr. Dette er ein auke på 295 mill. kr (+5,4 %) siste året. Inklusive lån overført til Eika Boligkreditt er rådveldekapitalen 6.149 mill. kr.

### INNSKOT

Innskot frå kundar er ved utgangen av 4. kvartal på 3.915 mill. kr. Dette er ein auke på 391 mill. kr (+11,1 %) siste 12 månader. Innskotsdekninga ved utgangen av 4. kvartal er 79,8 % mot 72,6 % på same tidspunkt i fjar.

Innskotsveksten isolert for 4. kvartal er 130 mill. kr (3,4 %).

### UTLÅN

Banken har ved utgangen av 4. kvartal i år hatt ein vekst i utlåna siste året på 47 mill. kr (+1,0 %). Utlånsveksten til næringskundar er 26 mill. kr (2,7 %), medan utlånsveksten til personkundar er 21 mill. kr (+0,5 %). Utlånsveksten isolert for 4. kvartal er -44 mill. kr (-0,9 %).

Brutto utlån til kundar er samla 4.904 mill. kr mot 4.857 mill. kr ved utgangen av 4. kvartal 2019. Av samla utlån er 1.009 mill. kr (21,1 %) utlån til næringsverksemd og 3.894 mill. kr (78,9 %) til personmarknaden. I tillegg har banken formidla lån til personmarknaden via Eika Boligkreditt (EBK) med samla uteståande ved utgangen av 4. kvartal på 343 mill. kr. Det gjev ein overføringsgrad av PM-lån til EBK på 8,1 % mot 8,9 % i 2019. Dette utgjer 6,5 % (7,2 %) av samla utlån. Den låge overføringsgraden gjev banken eit godt potensiale til vidare vekst gjennom auka bruk av EBK.

### LIKVIDITET

Veksten i utlån dei siste 12 månadane har vore finansiert gjennom auke i innskot. Banken har pr. 4. kvartal uteståande obligasjonsgjeld på 1.150 mill. kr mot 1.277 mill. kr ved utgangen av 4. kvartal 2019. Sjå note 8 for nærmere detaljar. Ved utgangen av 4. kvartal er banken sin likviditet god med LCR på 560 % og NSFR på 130 %.

## EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Banken har ein kapitaldekningsprosent på 21,25 % ved utgangen av 4. kvartal mot 21,23 % på tilsvarende tidspunkt i fjar. Netto ansvarleg kapital i banken er 627,9 mill. kr, mot 607,4 mill. kr same periode i fjar.

Kjernekapitalen til banken er 567,9 mill. kr, medan banken sin reine kjernekapital er 527,9 mill. kr ved kvartalsskiftet. Dette gjev ei kjernekapitaldekning på 19,22 % (19,13 % i 4. kv. 2019) og ei rein kjernekapitaldekning på 17,87 % (17,37 % i 4. kv. 2019) av beregningsgrunnlaget. Uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 9,6 % ved utgangen av 4. kvartal 2020 mot 9,7 % på tilsvarende tidspunkt i fjar.

I samsvar med rundskriv 5/2020 frå Finanstilsynet er alle engasjement i samband med utvikling og utbygging av faste eigedom med føremål vidaresal med forteneste klassifisert som høgrisiko og med risikovekt 150 %. Dette sjølv om andelen førehandsselde kontraktar utgjer ein vesentleg andel av engasjementa.

Banken har ikkje fått fastsett pilar 2-krav frå Finanstilsynet.

Frå 01.01.2018 rapporterer banken konsolidert kapitaldekning der ein tek omsyn til banken sine eigarandelar i Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS. Banken si konsoliderte kapitaldekning er 20,47 % ved utgangen av 4. kvartal, medan konsolidert kjernekapitaldekning og rein kernekapitaldekning er på høvesvis 18,43 % og 17,05 %. Konsolidert uvekta kernekapitalandel (Leverage Ratio) er 8,90 %.

## FRAMLEGG TIL UTBYTTE

Vekselbanken har som målsetjing å oppnå økonomiske resultat som gjev ei god og stabil avkastning på banken sin eigenkapital. Resultata skal sikre aksjonærane konkurransedyktig langsiktig avkastning i form av utbytte og verdistigning på eigenkapitalen.

Finansdepartementet har i brev til Finanstilsynet datert 20. januar 2021 klargjort at norske bankar må halde samla utbytte innanfor maksimalt 30 % av akkumulert årsresultat for åra 2019 og 2020 fram til 30. september 2021. Styret i Vekselbanken varsle i børsmelding 15. desember 2020 at det ikkje vart delt ut utbytte for 2019.

Styret har vurdert banken sin soliditet, og gjennomført stresstestar som syner konsekvensar av negative scenario på banken sin kapitalsituasjon. Med bakgrunn i dette og føringar frå myndighetene gjer styret i banken framlegg om å utbeta kr 10,30 i utbytte pr. aksje for 2020. Utbyttet på kr 10,30 i år gjev eit utdelingsforhold sett mot årsresultata akkumulert for 2019 og 2020 på 29,9 %. Isolert for årsresultatet i 2020 er utdelingsforholdet 72,6 %. Det gjev ei direkte avkastning på 6,4 % rekna mot børskurs 31.12.2020 på kr 160,00.

Med bakgrunn i at utbyttet overstig 50 % av årsresultatet for 2020, vil banken i samsvar med krava i finansføretakslova § 10–6 tredje ledd sende melding til Finanstilsynet om styret sitt framlegg til utbytte. Finanstilsynet kan deretter, dersom omsyn til banken sin soliditet tilseier det, gje pålegg om ikkje å dele ut utbytte eller om å dele ut mindre enn det som er foreslått av styret, jamfør finansføretakslova § 10–6 fjerde ledd.

Styret meiner at føreslege utbytte gjev banken tilstrekkeleg soliditet sjølv i ein situasjon med negativt stress på banken sin kapital, og at det gjev banken gode vekstmoglegheiter frametter.

## REVISJON

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

## UTSIKTENE FOR 2021

Styret meiner at banken med si solide basisdrift og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Banken har klart å styrke kjernedrifta dei siste åra gjennom bevisst satsing på kvalitetsmessig vekst, vekst i andre inntekter og kostnadsreduksjonar. Utvida satsing på sal av forsikrings- og spareprodukt styrkjer banken sitt inntektsgrunnlag.

Covid-19-pandemien har i stor grad påverka både privatpersonar og bedrifter i heile landet. Dette har også råka banken sitt hovudmarknadsområde Voss med omland hardt med stigande arbeidsløyse og redusert aktivitet. Den gradvise gjenopninga av samfunnet i 2. kvartal og utover, førte til ei positiv utvikling i vårt marknadsområde. Likevel har det vore nokre tilbakeslag med auka smittespreiing og utvida inngrapande tiltak både nasjonalt og lokalt som har påverka utviklinga i vår region. Vaksineringa ser også ut til å ta tid, og samla gjer dette at det framleis er ein del usikkerheit knytt til pandemien sine konsekvensar på kort og lang sikt. Heile samfunnet vil vera prega av dette i lang tid framover. Det er per i dag ikkje mogleg å estimere dei økonomiske effektane på lang sikt. Covid-19 vil truleg påverke den økonomiske veksten både i Noreg og globalt i lengre tid frametter, og dermed også banken og banken sine kundar. Banken har teke omsyn til dette i vurderingane av nedskrivningane på utlån. Vurderingane er gjort i samsvar med krava under IFRS 9.

Banken har klart å oppretthalde god service og oppfylgjing av kundane i den pågående covid-19-situasjonen. Alle banken sine forretningsfunksjonar har fungert som dei skal i denne perioden.

Banken har dei siste åra hatt ein konservativ risikoprofil når det gjeld forvaltningsmandat i sine verdipapirlasseringar, og dette har sikra banken låg risiko for tap i portefølja.

## FRÅSEGN FRÅ STYRE OG BANKSJEF I SAMSVAR MED VERDIPAPIRHANDELLOVA

Me stadfester etter beste overtyding at rekneskapen for 4. kvartal 2020 er utarbeidd i samsvar med Norsk Rekneskapslov og IFRS, og at rekneskapsopplysningane samla sett gjev eit rettvisande bilet av selskapet sine eignelutar, gjeld, finansielle stilling og resultat, og at delårsrapporten gjev eit rettvisande oversyn over viktige hendingar i rekneskapsperioden og deira verknad på rekneskapen, nærståande vesentlege transaksjonar og dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar verksemda står overfor i neste rekneskapsperiode.

Kontaktpersonar: Administrerande banksjef Stig Gunnar Røthe tlf. 56 52 35 00

Voss, 9. februar 2021

Styret i Voss Veksle- og Landmandsbank ASA



Stein Kvarckvål  
Styrelseiar



Olav Seim



Nils T. Ringheim



Kathrine Løno Lahlum  
Nestleiar



Solfrid Dagestad Midttun  
Tilsette sin repr.



Stig Gunnar Røthe  
Banksjef

<b>Resultat</b>	<b>Note</b>	<b>4. kvartal isolert</b>	<b>4. kvartal</b>	<b>4. kvartal</b>
		2020	2019	31.12.20
				31.12.19
<i>Ordinært resultat - Tal i tusen kroner</i>				
Renteinntekter og liknande inntekter berekna etter effektivrentemetoden		32.358	46.315	146.776
Renteinntekter fra øvrige eignelutar		193	1.213	4.298
Rentekostnader og liknande kostnader		9.743	20.069	59.506
<b>Netto rente- og kreditprovisjonsinntekter</b>		<b>22.809</b>	<b>27.459</b>	<b>91.568</b>
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester		4.096	4.382	14.595
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		548	599	2.216
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument		1.262	0	3.140
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	Note 7	242	724	-446
Andre driftsinntekter		3	8	11
<b>Netto andre driftsinntekter</b>		<b>5.054</b>	<b>4.514</b>	<b>15.083</b>
Lønn og andre personalkostnader		5.702	5.796	21.466
Andre driftskostnader		13.164	7.347	32.613
Av/nedskrivninger og vinst/tap på ikke finansielle eignelutar		479	488	1.991
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>19.345</b>	<b>13.631</b>	<b>56.070</b>
<b>Resultat før tap</b>		<b>8.518</b>	<b>18.342</b>	<b>50.582</b>
Kredittap på utlån, garantiar og renteberende verdipapir	Note 5	1.599	2.695	7.532
<b>Resultat før skatt</b>		<b>6.920</b>	<b>15.648</b>	<b>43.050</b>
Skatt på resultat		1.231	2.628	9.794
<b>Resultat etter skatt</b>		<b>5.689</b>	<b>13.020</b>	<b>33.256</b>
<i>Andre kostnader og inntekter - Tal i tusen kroner</i>				
Verdiendringar knytt til investeringar i eigenkapitalinstrument	Note 7	1.578	1.347	849
Andre postar		456	55	669
<b>Sum andre inntekter og kostnader som ikke blir omklassifisert til resultatet</b>		<b>2.034</b>	<b>1.402</b>	<b>1.518</b>
<b>Totalresultat</b>		<b>7.723</b>	<b>14.422</b>	<b>34.774</b>
<b>Resultat per aksje</b>		<b>2,56</b>	<b>5,86</b>	<b>14,98</b>
				<b>23,35</b>

<b>Balanse - Eignelutar</b>		<b>Note</b>	<b>31.12.20</b>	<b>31.12.19</b>
<i>Tal i tusen kroner</i>				
Kontantar og kontantekvivalentar			10.872	14.037
Utlån til og fordringar på kreditinstitusjonar og sentralbanken			339.523	316.884
Netto utlån og fordringar på kundar til verkeleg verdi over utvida resultat			3.841.210	3.785.079
Netto utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost	Note 4		1.031.575	1.049.449
Renteberande verdipapir	Note 7		497.557	252.342
Finansielle derivat			0	1.819
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument	Note 7		61.960	65.178
Varige driftsmiddel			19.456	21.342
Andre eignelutar			3.858	4.704
<b>Sum eignelutar</b>			<b>5.806.010</b>	<b>5.510.835</b>
<b>Balanse - Gjeld og eigenkapital</b>				
<i>Tal i tusen kroner</i>			<b>31.12.20</b>	<b>31.12.19</b>
Innlån frå kreditinstitusjonar			50.150	30
Innskot og andre innlån frå kundar			3.915.039	3.523.937
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir			1.150.960	1.277.056
Anna gjeld			17.693	19.034
Avsetningar			12.561	19.333
Ansvarleg lånekapital			60.048	69.092
Fondsobligasjonskapital			0	35.764
<b>Sum gjeld</b>			<b>5.206.451</b>	<b>4.944.246</b>
Innskoten eigenkapital			58.016	58.016
Oppent eigenkapital			474.502	441.148
Fondsobligasjonskapital			40.097	40.000
Fond for urealiserte vinstar			26.943	27.425
Perioden sitt resultat etter skatt			0	0
<b>Sum eigenkapital</b>			<b>599.559</b>	<b>566.588</b>
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>			<b>5.806.010</b>	<b>5.510.835</b>

Voss, 9. februar 2021

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

  
Stein Kvarekvål  
Styrelseiar


  
Olav Seim

Olav Seim

  
Nils T. Ringheim

Nils T. Ringheim

  
Kathrine Løno Lahlum  
Nestleiar

  
Solfrid Dagestad Midttun  
Tilsette sin repr.

  
Stig Gunnar Røthe

Stig Gunnar Røthe  
Banksjef

## EIGENKAPITALOPPSTILLING

Tal i tusen kroner	Innskoten eigenkapital				Opptent eigenkapital		
	Aksjar	Eigne aksjar	Overkurs	Hybrid-kapital	Fond for urealiserte vinstar	Anna opptent eigenkapital	Sum eigenkapital
<b>Eigenkapital 31.12.2019</b>	<b>11.103</b>	<b>-82</b>	<b>46.995</b>	<b>40.000</b>	<b>27.425</b>	<b>441.146</b>	<b>566.588</b>
Resultat etter skatt				1.900	-1.514	32.870	33.256
Eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi					363	486	849
Renteberande verdipapir til verkeleg verdi					1.084		1.084
Utlån kundar til verkeleg verdi (ECL 12 mnd)					-192		-192
Skatt på renteberande verdipapir og utlån til verkeleg verdi					-223		-223
Andre poster							0
<b>Totalresultat 31.12.2020</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1.900</b>	<b>-482</b>	<b>33.356</b>	<b>34.774</b>
Transaksjonar med eigarane							0
Utbetalt utbytte							0
Utbetalte renter hybridkapital					-1.803		-1.803
Endring eigne aksjar							0
<b>Eigenkapital 31.12.2020</b>	<b>11.103</b>	<b>-82</b>	<b>46.995</b>	<b>40.097</b>	<b>26.943</b>	<b>474.502</b>	<b>599.559</b>
<b>Eigenkapital 31.12.2018</b>	<b>9.500</b>	<b>-76</b>	<b>0</b>	<b>40.115</b>	<b>25.512</b>	<b>410.836</b>	<b>485.887</b>
Korreksjon fond for urealiserte vinstar					713	-713	0
Resultat etter skatt				1.860	-516	45.407	46.751
Eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi					1.660		1.660
Renteberande verdipapir til verkeleg verdi					-61		-61
Utlån kundar til verkeleg verdi (ECL 12 mnd)					135		135
Skatt på renteberande verdipapir og utlån til verkeleg verdi					-18		-18
<b>Totalresultat 31.12.2019</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1.860</b>	<b>1.913</b>	<b>44.694</b>	<b>48.467</b>
Transaksjonar med eigarane							
Kapitalauke	1.603			48.397			50.000
Kostnader ved kapitalauken etter skatt				-1.402			-1.402
Utbetalt utbytte						-14.250	-14.250
Utbetalte renter hybridkapital					-1.975		-1.975
Endring eigne aksjar		-6				-134	-140
<b>Eigenkapital 31.12.2019</b>	<b>11.103</b>	<b>-82</b>	<b>46.995</b>	<b>40.000</b>	<b>27.425</b>	<b>441.146</b>	<b>566.588</b>

## KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

	4. kvartal 2020	4. kvartal 2019
<i>Tal i tusen kroner</i>		
<b>Kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar</b>		
Netto utbetaling av lån til kundar	-45.789	-287.050
Renteinnbetalingar på utlån til kundar	145.081	164.481
Overtatte eiendeler	0	0
Netto inn-/utbetaling av innskot frå kundar	391.102	270.929
Renteutbetalingar på innskot frå kundar	-34.817	-41.626
Netto inn-/utbetaling av lån frå kreditinstitusjonar/innskot i kreditinstitusjonar	50.120	30
Renteutbetalingar på gjeld til kreditinstitusjonar/renteinnbetalingar på innskot kreditinstitusjonar	1.587	2.444
Endring sertifikat og obligasjoner	-174.823	-1.979
Renteinnbetalingar på sertifikat og obligasjoner	4.298	3.676
Netto provisjonsinnbetalingar	12.379	12.196
Verdiendring på finansielle instrument og valuta	-838	
Netto inn-/utbetaling kortsiktige investeringar i verdipapir	-70.000	716
Utbetalinger til drift	-54.401	-46.639
Betalt skatt	-14.674	-11.962
<b>A Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar</b>	<b>209.225</b>	<b>65.216</b>
<b>Kontantstraum frå investeringsaktivitetar</b>		
Utbetaling ved investering i varige driftsmiddele	-105	-2.571
Innbetaling fra salg av varige driftsmidler	6.225	
Utbetaling ved kjøp av langsiktig investering i verdipapir	-5.435	
Innbetaling frå sal av langsiktige investeringar i verdipapir	3.971	477
Utbytte frå langsiktige investeringar i aksjar	3.140	1.614
<b>B Netto kontantstraum frå investeringsaktivitet</b>	<b>7.006</b>	<b>310</b>
<b>Kontantstraum frå finansieringsaktivitetar</b>		
Netto inn-/utbetaling ved utferding/forfall gjeld stifta ved utferding av verdipapir	-126.096	-25.000
Renteutbetalingar på gjeld stifta ved utferding av verdipapir	-22.132	-29.770
Netto inn-/utbetaling ved utferding/forfall ansvarlege lån	-44.808	29.000
Renteutbetalingar på ansvarlege lån	-1.694	-1.393
Renter på fondsobligasjon	-2.027	-3.500
Kapitalforhøyelse	48.131	
Utbytte til egenkapitalbeviseierne	-14.250	
<b>C Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitet</b>	<b>-196.757</b>	<b>3.218</b>
<b>A + B + C Netto endring likvidar i perioden</b>	<b>19.474</b>	<b>68.744</b>
Likviditetsbeholdning 1.1	330.921	262.177
<b>Likviditetsbeholdning 30.06</b>	<b>350.395</b>	<b>330.921</b>
<b>Likviditetsbeholdning spesifisert:</b>		
Kontantar	10.872	14.037
Fordringar på kreditinstitusjonar utan oppseilingstid	339.523	316.884
<b>Likviditetsbeholdning</b>	<b>350.395</b>	<b>330.921</b>

## **NOTE 1 - GENERELL INFORMASJON**

Covid-19-pandemien har prega økonomien både globalt, nasjonalt og lokalt sidan landet i praksis vart stengt ned 12. mars. Den gradvise gjennopninga har gjeve positive effektar utover i 2020, men krisa er ikkje over. Styresmaktene har iverksett fleire tiltak for å hjelpe privatpersonar og næringsliv. Heile samfunnet vil likevel verta prega av dette i lang tid framover. Lengda på krisa vil avgjere kor store konsekvensane vert. Det er per i dag ikkje mogleg å estimere dei økonomiske effektane. Dette vil påverke den økonomiske veksten både i Noreg og globalt, og dermed også banken og banken sine kundar. Historisk har det likevel vore slik at Voss med omland har kome godt ut av tidlegare kriser. Banken med si fordeling 79 % PM og 21 % BM, med ei godt diversifisert BM-portefølje og ein solid kapitalsituasjon har gode føresetnader til å takle krisa godt.

### *Utlån med statsgaranti frå Garantiinstituttet for eksportkreditt (GIEK)*

Dette er ei låneordning som staten har innført for å hjelpe bedrifter som står i ei akutt likviditetskrise som fylge av direkte eller indirekte verknader av Covid-19. Ordninga er basert på at det er bankane som skal administrere den og syte for at vilkår i lov og forskrift er oppfylt. Statleg garanterte lån under ordninga inneber at staten garanterer for 90 % av banklån til bedrifter som kvalifiserer under ordninga. Vekselsbanken har fått tildelt ei ramme på 148,3 mill. kr under ordninga, og har pr. utgangen av 4. kvartal innvilga lån for 28,8 mill. kr fordelt på 12 lån.

## **NOTE 2 - REKNESKAPSPrINSIPP OG -ESTIMAT**

### *Rekneskapsprinsipp*

Kvartalsrekneskapen omfattar perioden 01.01.2020 - 31.12.2020. Kvartalsrekneskapen er utarbeida i samsvar med IFRS-delårsrapportering.

Delårsrekneskapane er ureviderte. Føreliggjande kvartalsrekneskap er utarbeida i samsvar med gjeldande standardar under IFRS og IFRIC-fortolkningar. Kvartalsrekneskapen omfatter ikkje all informasjon som vert kravd i eit fullstendig årsrekneskap og bør lesast i samanheng med årsrekneskapen for 2019.

Covid-19-situasjonen har ført til ein vesentleg og rask endring i kreditrisikoen for banken sin portefølje. Uvissa knytt til dette, har gjort det naudsynt å gjera ein justering på porteføljenivå for forventa tap.

### *Viktige rekneskapsestimat og skjønnsmessige vurderinger*

Utarbeiding av rekneskapen medfører at leiinga gjer estimat og skjønnsmessige vurderinger og tek føresetnader som påverkar effekten av bruken av rekneskapsprinsipp og dermed rekneskapsførte beløp for eignelutar, forpliktingar, inntekter og kostnader. I årsreknekapen for 2019 er det gjort nærmare greie for kritiske estimat og vurderinger vedrørende bruk av rekneskapsprinsipp.

Alle tal er i heile tusen om ikkje anna er oppgjeve. Funksjonell valuta og presentasjonsvaluta er NOK.

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfelle gjer føresetnadar og må nyttja estimat og skjønnsmessige vurderinger. Estimat og skjønnsmessige vurderinger vert løpende evaluerte, og er basert på historiske erfaringar og føresetnadar om framtidige hendingar som vert sett på som sannsynlige på balanseidspunktet. Det er knytt uvisse til føresetnadar og forventningar som ligg til grunn for estimata og dei skjønnsmessige vurderingane som er nyttja.

### **Nedskrivningar på utlån**

For individuelt vurderte utlån i steg 3 og for grupper av utlån som er identifisert som usikre, vert det gjort berekningar for å fastsetja verdien på kvart enkelt utlån eller på grupper av utlån. Berekingane føreset at det vert nytt storleikar som er basert på vurderinger, og desse påverkar igjen dei berekna verdiene. Nedskrivningsvurderingar vert gjennomførte kvart kvartal. Prosessen med individuelle og gruppevis vurderinger ifm. nedskrivningar i steg 3, har ikkje vorte endra som følgje av covid-19.

### **Nedskrivningar i steg 1 og 2**

Engasjement som ikkje er vorte individuelt nedskrivne, inngår i berekning av statistiske nedskrivningar (IFRS 9-nedskrivningar) på utlån og garantiar. Nedskrivning vert berekna på grunnlag av utviklinga i kundane sin risikoklassifisering samt tapserfaring for dei respektive kundegrupper. Utover dette vert det lagt vekt på konjunktur- og marknadsutvikling (makrotilhøve) som enno ikkje har fått effekt på det berekna nedskrivningsbehovet på kundegrupper totalt. Den statistiske modellen for berekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjementa byggjer på fleire kritiske føresetnadar, herunder sannsyn for misleghald, tap ved misleghald, forventa levetid på engasjementa og makroutvikling. Sjå note om generelle rekneskapsprinsipp i årsrapport for 2019 for ei skildring av nedskrivningsmodellen under IFRS 9, samt omtale av vesentleg auke i kreditrisiko og kriteria for overgang til steg 2. Betalingslettingar gjeve som konsekvens av covid-19-situasjonen, har ikkje automatisk ført til forbearancemarkering eller overgang til steg 2.

Uvisse knytt til estimata fører til at det har vore nedsynt å nytta vesentleg meir skjønn og gruppevis tilnærming i berekning av nedskrivningar på utlån. Dei modellberekna nedskrivningane tek ikkje tilstrekkeleg høgde for situasjonen som har oppstått, med vesentleg svekka makroøkonomiske utsikter samanlikna med det som ligg til grunn i den eksisterande nedskrivningsmodellen.

Banken har berekna nedskrivningar i steg 1 og steg 2 for kreditporteføljen, på grunnlag av kor utsette dei ulike segmenta og bransjene er innafor banken sine engasjement. Nedskrivningane for engasjement innafor ulike segment og bransjar vert tilført ein justeringsfaktor i prosent avhengig av risikograd. Det er teke omsyn til støtteordningar frå staten i vurderingane av justeringsfaktorar for dei ulike segmenta og bransjene. Justeringsfaktoren vert multiplisert med banken si eksponering innan ulike segment og bransjar.

Dei berekna nedskrivningsbeløpa etter risiko og eksponering, vert så lagt til dei modellberekna nedskrivningane.

Nedskrivningar på utlån til bedriftsmarknaden i steg 1 og steg 2 har auka med 2,8 mill. kroner samanlikna med utgangen av fjaråret.

Nedskrivningar på utlån til personmarknaden i steg 1 og steg 2 har auka med 0,4 mill. kroner samanlikna med utgangen av fjaråret.

Fordelinga på steg 1 og 2 går fram av note 5.

#### **Verkeleg verdi for finansielle instrument**

Det er større usikkerheit enn ellers i verdsetjinga av eigenkapitalinstrument i nivå 3 (sjå note 7).

#### **NOTE 3 - MISLEGHALDNE OG TAPSMERKA ENGASJEMENT**

##### **Misleghaldne engasjement**

	4. kvartal	4. kvartal	Året
	2020	2019	2019
Brutto misleghaldne engasjement - personmarknaden	19.266	7.891	7.891
Brutto misleghaldne engasjement - bedriftsmarknaden	23	34	34
Nedskrivningar i steg 3 (individuelle nedskrivningane)	-3.613	-565	-565
<b>Netto misleghaldne engasjement</b>	<b>15.676</b>	<b>7.360</b>	<b>7.360</b>

##### **Andre tapsutsette engasjement**

	4. kvartal	4. kvartal	Året
	2020	2019	2019
Brutto tapsutsette, ikkje misleghaldne engasjement - personmarknaden	17.605	47.060	47.060
Brutto tapsutsette, ikkje misleghaldne engasjement - bedriftsmarknaden	27.780	27.747	27.747
Nedskrivningar i steg 3 (individuelle nedskrivningane)	-18.781	-16.603	-16.603
<b>Netto tapsutsette engasjement</b>	<b>26.604</b>	<b>58.204</b>	<b>58.204</b>

#### **NOTE 4 - FORDELING UTLÅN KUNDAR**

##### **Utlån til kundar fordelt på sektorar og næringer**

	4. kvartal	4. kvartal	Året
	2020	2019	2019
Landbruk	38.428	36.263	36.263
Industri	78.688	99.610	99.610
Bygg, anlegg	57.731	57.145	57.145
Varehandel	67.558	70.363	70.363
Transport	24.110	23.344	23.344
Eigedomdrift etc	621.117	600.756	600.756
Anna næring	121.796	95.769	95.769
<b>Sum næring</b>	<b>1.009.428</b>	<b>983.251</b>	<b>983.251</b>
Personkundar	3.894.365	3.873.936	3.873.936
<b>Brutto utlån</b>	<b>4.903.793</b>	<b>4.857.186</b>	<b>4.857.186</b>
Steg 1 nedskrivningar	-2.584	-928	-928
Steg 2 nedskrivningar	-6.030	-4.562	-4.562
Steg 3 nedskrivningar	-22.394	-17.169	-17.169
<b>Netto utlån til kundar</b>	<b>4.872.785</b>	<b>4.834.528</b>	<b>4.834.528</b>
Utlån formidla via Eika Boligkreditt (EBK)	343.195	376.647	376.647
<b>Totalt utlån inkl. portefølja i EBK</b>	<b>5.215.980</b>	<b>5.211.175</b>	<b>5.211.175</b>

## NOTE 5 - NEDSKRIVINGAR, TAP, FINANSIELL RISIKO

Etter IFRS 9 er banken sine utlån til kundar, unytta kredittar og garantiar gruppert i tre steg basert på misleghaldssannsyn (PD) på innrekningstidpunktet samanlikna med misleghaldssannsyn på balansedagen. Fordeling mellom steg vert føreteke for det enkelte lån eller engasjement. Tabellane under spesifiserer endringane i perioden sine nedskrivingar og brutto balanseførte utlån, garantiar og unytta trekkrettar for kvart steg, og inkluderer fylgjande element:

- Overføring mellom steg som skuldast endring i kreditrisiko, frå 12 månader venta kredittap i steg 1 til kredittap over venta levetid i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivingar ved utferding av nye utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Reduksjon i nedskrivingar ved frårekning av utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Auke eller reduksjon i nedskrivingar som skuldast endringar i inputvariablar, berekningsføresetnader, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskontering.

<b>31.12.2020</b>	<b>Steg 1</b>	<b>Steg 2</b>	<b>Steg 3</b>	
	<b>12 mnd. tap</b>	<b>Livstid tap</b>	<b>Livstid tap</b>	<b>Totalt</b>
<b>Nedskrivingar på utlån til kundar - personmarknaden</b>				
Nedskrivingar pr. 01.01.2020	435	1.049	7.069	8.553
Overføringar mellom steg:				
Overføringar til steg 1	12	-277	0	-265
Overføringar til steg 2	-10	619	0	609
Overføringar til steg 3	-5	414	6.414	6.822
Nedskrivingar på nye utlån utbetalt i året	42	6	364	411
Utlån som er frårekna i perioden	-128	-214	-103	-445
Konstaterte tap				0
Endra eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-145	77	-2.671	-2.740
Andre justeringar	44	-72	322	293
<b>Nedskrivingar personmarknaden pr. 31.12.2020</b>	<b>245</b>	<b>1.601</b>	<b>11.394</b>	<b>13.239</b>

<b>31.12.2020</b>	<b>Steg 1</b>	<b>Steg 2</b>	<b>Steg 3</b>	
	<b>12 mnd. tap</b>	<b>Livstid tap</b>	<b>Livstid tap</b>	<b>Totalt</b>
<b>Brutto utlån til kundar - personmarknaden</b>				
Brutto utlån pr. 01.01.2020	3.666.444	184.226	23.265	3.873.936
Overføringar mellom steg:				
Overføringar til steg 1	82.250	-82.250	0	0
Overføringar til steg 2	-56.678	56.678	0	0
Overføringar til steg 3	-14.649	-2.848	17.497	0
Nye utlån utbetalt	1.062.200	16.202	0	1.078.402
Utlån som er frårekna i perioden	-1.010.013	-41.667	-6.292	-1.057.973
Konstaterte tap				0
<b>Brutto utlån til personmarknaden pr. 31.12.2020</b>	<b>3.729.553</b>	<b>130.342</b>	<b>34.470</b>	<b>3.894.365</b>

<b>31.12.2020</b>	<b>Steg 1</b>	<b>Steg 2</b>	<b>Steg 3</b>	
	<b>12 mnd. tap</b>	<b>Livstid tap</b>	<b>Livstid tap</b>	<b>Totalt</b>
<b>Nedskrivingar på utlån til kundar - bedriftsmarknaden</b>				
Nedskrivingar pr. 01.01.2020	493	3.513	10.100	14.106
Overføringar mellom steg:				
Overføringar til steg 1	117	-1.570	0	-1.453
Overføringar til steg 2	-189	813	0	624
Overføringar til steg 3	0	-468	0	-468
Nedskrivingar på nye utlån utbetalt i året	117	7	1.459	1.584
Utlån som er frårekna i perioden	-206	-1.268	-127	-1.601
Konstaterte tap				0
Endra eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-90	292	-432	-230
Andre justeringar	2.097	3.110	0	5.207
<b>Nedskrivingar bedriftsmarknaden pr. 31.12.2020</b>	<b>2.340</b>	<b>4.429</b>	<b>11.000</b>	<b>17.769</b>

<b>31.12.2020</b>	<b>Steg 1</b>	<b>Steg 2</b>	<b>Steg 3</b>	
	<b>12 mnd. tap</b>	<b>Livstid tap</b>	<b>Livstid tap</b>	<b>Totalt</b>
<b>Brutto utlån til kundar - bedriftsmarknaden</b>				
Brutto utlån pr. 01.01.2020	756.262	200.037	26.952	983.251
Overføringar mellom steg:				
Overføringar til steg 1	93.688	-93.688	0	0
Overføringar til steg 2	-80.071	80.071	0	0
Overføringar til steg 3	0	0	0	0
Nye utlån utbetalt	197.339	34.759	0	232.098
Utlån som er frårekna i perioden	-157.368	-48.932	378	-205.921
Konstaterte tap				0
<b>Brutto utlån til bedriftsmarknaden pr. 31.12.2020</b>	<b>809.851</b>	<b>172.246</b>	<b>27.330</b>	<b>1.009.428</b>

<b>31.12.2020</b>	<b>Steg 1</b>	<b>Steg 2</b>	<b>Steg 3</b>	
	<b>12 mnd. tap</b>	<b>Livstid tap</b>	<b>Livstid tap</b>	<b>Totalt</b>
<b>Nedskrivningar på unytta kreditar og garantiar</b>				
Nedskrivningar pr. 01.01.2020	200	98	0	298
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	8	-48	0	-40
Overføringer til steg 2	-12	111	0	99
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nedskrivningar på nye kreditar og garantiar	22	40	0	62
Nedskrivningar på unytta kreditar og garantiar som er frårekna i perioden	-43	-18	0	-61
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	-54	3	0	-50
Andre justeringar	1	13	0	14
<b>Nedskrivningar pr. 31.12.2020</b>	<b>123</b>	<b>199</b>	<b>0</b>	<b>322</b>

<b>31.12.2020</b>	<b>Steg 1</b>	<b>Steg 2</b>	<b>Steg 3</b>	
	<b>12 mnd. tap</b>	<b>Livstid tap</b>	<b>Livstid tap</b>	<b>Totalt</b>
<b>Unytta kreditar og garantiar</b>				
Brutto balanseførte engasjement pr. 01.01.2020	281.116	16.238	0	297.354
Overføringer mellom steg:				0
Overføringer til steg 1	8.110	-8.110	0	0
Overføringer til steg 2	-17.354	17.354	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nye/endra unytta kreditar og garantiar	97.233	3.035	451	100.718
Engasjement som er frårekna i perioden	-99.959	-1.320	0	-101.278
<b>Brutto balanseførte engasjement pr. 31.12.2020</b>	<b>269.147</b>	<b>27.196</b>	<b>451</b>	<b>296.794</b>

<b>Resultatførte tap på utlån, kreditar og garantiar</b>	<b>31.12.2020</b>	<b>31.12.2019</b>
Endring i perioden i steg 3 på utlån	5.225	2.663
Endring i perioden i forventa tap steg 1 og 2 garantiar	23	0
Endring i perioden i forventa tap steg 1 og 2 utlån	3.125	-193
Endring steg 1 renteberande verdipapir over OCI	35	0
Endring steg 1 utlån over OCI	-192	
Konstaterte tap i perioden, der det ikkje er føreteke nedskrivningar i steg 3		0
Perioden sin inngang på tidligare nedskrivningar og andre endringar	-684	-14
<b>Tapskostnader i perioden</b>	<b>7.532</b>	<b>2.456</b>

## NOTE 6 - SEGMENTINFORMASJON

Resultat	4. kvartal		2020	
	PM	BM	Ufordelt	Total
<b>Netto renteinntekter</b>	<b>75.988</b>	<b>37.472</b>	<b>-21.892</b>	<b>91.568</b>
Utbytte/resultat andel tilkn. selskap			3.140	3.140
Netto provisjonsinntekter			12.379	12.379
Inntekter verdipapir			-446	-446
Andre inntekter			11	11
<b>Sum andre driftsinntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>15.084</b>	<b>15.084</b>
Lønn og andre personalkostnader			21.466	21.466
Avskrivinger på driftsmidler			1.991	1.991
Andre driftskostnader			32.613	32.613
<b>Sum driftskostnader før tap på utlån</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>56.070</b>	<b>56.070</b>
Tap på utlån	3.937	3.594		7.531
Vinst aksjar				0
<b>Driftsresultat før skatt</b>	<b>72.051</b>	<b>33.878</b>	<b>-62.878</b>	<b>43.051</b>
<b>Balanse</b>	<b>PM</b>	<b>BM</b>	<b>Ufordelt</b>	<b>Total</b>
Utlån og fordringar på kundar	3.881.594	991.191		4.872.785
Innskot frå kundar	2.564.152	1.350.887		3.915.039

Banken utarbeider rekneskap for segmenta privatmarknad (PM) og bedriftsmarknad (BM). Personkundar som vert fylgd opp av bedriftskundeavdelinga inngår i bedriftsmarknaden. Etter banken si vurdering, foreligg det ikkje vesentlege skilnader i risiko og avkastning på produkt og tenester som inngår i hovudmarknadane til banken.

Banken opererer i eit geografisk avgrensa område, og rapportering på geografiske segment gjev lite tilleggsinformasjon.

Resultat	4. kvartal		2019	
	PM	BM	Ufordelt	Total
<b>Netto renteinntekter</b>	<b>82.852</b>	<b>42.902</b>	<b>-29.500</b>	<b>96.254</b>
Utbytte/resultat andel tilkn. selskap			1.614	1.614
Netto provisjonsinntekter			12.196	12.196
Inntekter verdipapir			1.197	1.197
Andre inntekter			85	85
<b>Sum andre driftsinntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>15.092</b>	<b>15.092</b>
Lønn og andre personalkostnader			21.768	21.768
Avskrivinger på driftsmidler			1.100	1.100
Andre driftskostnader			25.546	25.546
<b>Sum driftskostnader før tap på utlån</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>48.414</b>	<b>48.414</b>
Tap på utlån	4.142	-1.686		2.456
Vinst aksjar				0
<b>Driftsresultat før skatt</b>	<b>78.710</b>	<b>44.588</b>	<b>-62.822</b>	<b>60.475</b>
<b>Balanse</b>	<b>PM</b>	<b>BM</b>	<b>Ufordelt</b>	<b>Total</b>
Utlån og fordringar på kundar	3.865.383	969.144		4.834.527
Innskot frå kundar	2.564.152	959.785		3.523.937

## NOTE 7 - VERKELEG VERDI FINANSIELLE INSTRUMENT

	NIVÅ 1 Kvoterter prisar i aktive marknadar	NIVÅ 2 Verdsetnings- teknikk basert på observerbare marknadsdata	NIVÅ 3 Verdsetnings- teknikk basert på ikke observerbare marknadsdata	Total
<b>31.12.2020</b>				
<b>Finansielle eignelutar til verkeleg verdi over utvida resultat</b>				
Utlån og fording på kundar			3.841.210	3.841.210
Sertifikat og obligasjoner		497.557		497.557
Aksjar			61.960	61.960
<b>Finansielle eignelutar til verkeleg verdi over resultatet</b>				
Verdipapirfond		70.392		70.392
<b>Sum eignelutar til verkeleg verdi</b>	<b>0</b>	<b>567.949</b>	<b>3.903.170</b>	<b>4.471.119</b>
<b>Avstemming av nivå 3</b>				
Inngående balanse 31.12.2019			Utlån til kundar	Aksjar
Tilgang/kjøp			3.785.079	65.178
Avgang/sal			1.101.930	
Perioden si verdiendring over utvida resultat			-1.045.607	-3.971
<b>Utgående balanse</b>			<b>3.841.210</b>	<b>61.960</b>
Amortisert kost/kostpris			3.840.964	45.716
Verkeleg verdi justering			246	16.244
<b>Utgående balanse</b>			<b>3.841.210</b>	<b>61.960</b>
	NIVÅ 1 Kvoterter prisar i aktive marknader	NIVÅ 2 Verdsetnings- teknikk basert på observerbare marknadsdata	NIVÅ 3 Verdsetnings- teknikk basert på ikke observerbare marknadsdata	Total
<b>31.12.2019</b>				
<b>Finansielle eignelutar til verkeleg verdi over utvida resultat</b>				
Utlån og fording på kundar			3.785.079	3.785.079
Sertifikat og obligasjoner		252.342		252.342
Aksjar			65.178	65.178
<b>Finansielle eignelutar til verkeleg verdi over resultatet</b>				
Finansielle derivat		1.819		1.819
<b>Sum eignelutar til verkeleg verdi</b>	<b>0</b>	<b>254.161</b>	<b>3.850.257</b>	<b>4.104.418</b>
<b>Finansielle skyldnadar som er øyremerka til verkeleg verdi over resultatet</b>				
Fondsobligasjonskapital		35.764		35.764
<b>Sum gjeld til verkeleg verdi</b>	<b>0</b>	<b>35.764</b>	<b>0</b>	<b>35.764</b>
<b>Avstemming av nivå 3</b>				
Inngående balanse 31.12.2018			Utlån til kundar	Aksjar
Tilgang/kjøp			3.513.296	58.342
Avgang/sal			1.397.938	5.176
Året si verdiendring over utvida resultat			-1.126.290	0
<b>Utgående balanse</b>			<b>3.785.079</b>	<b>65.178</b>
Amortisert kost/kostpris			3.784.641	49.891
Verkeleg verdi justering			438	15.287
<b>Utgående balanse</b>			<b>3.785.079</b>	<b>65.178</b>

### Verkeleg verdimålingar og –opplysningar klassifisert etter nivå

I tabellane over er det nyttा fylgjande nivåinndeling:

**Nivå 1:** Verdsetting basert på noterte prisar i ein aktiv marknad for identiske eignelutar og forpliktingar.

**Nivå 2:** Verdsetting som baserer seg på (1) direkte eller indirekte observerbare prisar for identiske eignelutar eller forpliktingar i ein marknad som ikke er aktiv, (2) modellar som nyttar prisar og variablar som fullt ut er henta frå

observerbare marknader eller transaksjonar og (3) prising i ein aktiv marknad av ein tilsvarende, men ikkje identisk eignelut eller forplikting.

**Nivå 3:** Vurderingar som baserer seg på faktorar som ikkje er observerbare eller eksternt verifiserbare.

Selskapet sine verdettingsmetodar maksimerer bruken av observerbare data der det er tilgjengeleg og belagar seg minst mogleg på selskapet sine eigne estimat.

Verdsettinga av Eika Boligkreditt AS er basert på ei vurdering av eigenkapitalen i selskapet. Versettinga av Eika Gruppen AS tek utgangspunkt i ei verdurvurdering av dei enkelte selskapa som inngår i gruppen, og ei samla verdi for konsernet totalt, basert på relevante verdettingsmetodar. Denne verdurvurderinga vert vurdert opp imot sist kjende emisjons- og/eller omsetningskurs, omsynteke banken sine eigne vurderingar av hendingar fram til balansedagen. Til saman utgjer desse aksjane 31,0 mill. kr av totalt 62,0 mill. kr i nivå 3.

## SPESIFIKASJON AV OBLIGASJONS-, FONDS- OG AKSJEPORTEFØLJE

Obligasjonsportefølje	31.12.2020	31.12.2019
Utstedarkategori	Bokført verdi	Bokført verdi
Stat / statsgaranterte	50.372	50.787
Kommune / fylke	128.279	103.921
Kraft		
Bank og finans	52.236	22.106
Obligasjonar med fortrinsrett	196.278	75.528
Multilaterale utviklingsbankar	-	
<b>Sum obligasjonsportefølje</b>	<b>427.165</b>	<b>252.342</b>
<b>Fondsandalar</b>		
Eika Sparebank	70.392	
<b>Sum renteportefølje</b>	<b>497.557</b>	

Aksjeportefølje	31.12.2020	31.12.2019		
Namn	Tal aksjar	Bokført verdi	Tal aksjar	Bokført verdi
SDC	2.603	1.433	2.713	1.385
Eika Gruppen	47.481	7.654	47.481	7.003
Eksportfinans	1.050	20.013	1.050	20.013
Eika BoligKreditt	5.447.509	23.341	5.841.127	26.136
Destinasjon Voss	33	100	33	100
Kveik AS	5	5	5	5
Næringshagen Voss	1.500	150	1.500	150
VossaLøysinga	5	5	5	5
Visa C konvertible via VN1		362	-	595
VN Norge		1.376	-	2.264
Eiendomskreditt	8.212	1.000	8.212	1.000
Eika VBB AS	1.648	6.522	1.648	6.522
<b>Sum aksjeportefølje</b>		<b>61.961</b>		<b>65.179</b>

**NOTE 8 - VERDIPAPIRGJELD**

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	31.12.2020	Bokført verdi 31.12.2019	Rente-vilkår
<b>Sertifikat- og obligasjonslån</b>						
N00010767536	16.06.2016	16.03.2020	100.000		100.130	3m Nibor + 110 bp
N00010773989	14.09.2016	14.09.2020	100.000		100.121	3m Nibor + 90 bp
N00010790520	04.04.2017	31.03.2021	125.000	125.005	150.011	3m Nibor + 79 bp
N00010790538	04.04.2017	31.03.2022	150.000	150.006	150.012	3m Nibor + 90 bp
N00010795404	26.05.2017	10.09.2021	150.000	150.107	150.243	3m Nibor + 81 bp
N00010795412	26.05.2017	09.09.2022	150.000	150.122	150.263	3m Nibor + 92 bp
N00010807928	10.10.2017	10.03.2023	150.000	150.106	150.251	3m Nibor + 90 bp
N00010816085	12.02.2018	12.09.2023	175.000	175.108	175.262	3m Nibor + 88 bp
N00010853369	29.05.2019	18.03.2024	150.000	150.056	150.150	3m Nibor + 70 bp
N00010873185	16.01.2020	16.01.2025	100.000	100.219		3m Nibor + 69 bp
Over/underkurs				231	614	

<b>Sum gjeld ved utferding av verdipapir</b>	<b>1.150.960</b>	<b>1.277.057</b>
--	------------------	------------------

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	31.12.2020	Bokført verdi 31.12.2019	Rente-vilkår
<b>Ansvarleg lånekapital</b>						
N00010871395	18.12.2019	18.12.2024	60.000	60.048	60.079	3m Nibor + 180 bp
N00010730989	24.02.2015	24.02.2020	40.000		9.013	3m Nibor + 205 bp
<b>Sum ansvarleg lånekapital</b>				<b>60.048</b>	<b>69.092</b>	

Endringar i verdipapirgjeld i perioden	Balanse 01.10.2020	Emitert	Forfalt/ innløyst	Øvrige endringar	Balanse 31.12.2020
					Obligasjonsgjeld
<b>Sum gjeld stifta ved utferding av verdipapir</b>	<b>1.176.010</b>	<b>0</b>	<b>-25.000</b>	<b>-50</b>	<b>1.150.960</b>
Ansvarlege lån	60.045			3	60.048
<b>Sum ansvarleg lån og fondsobligasjoner</b>	<b>60.045</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>3</b>	<b>60.048</b>

## NOTE 9 - KAPITALDEKNING

Kapitaldekning	4. kvartal	4. kvartal	Året
	31.12.2020	31.12.2019	31.12.2019
Opptent eigenkapital	474.502	441.146	441.146
Overkursfond	46.995	46.995	46.995
Annan eigenkapital	26.943	27.425	27.425
Innbetalt aksjekapital	11.021	11.021	11.021
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>559.461</b>	<b>526.587</b>	<b>526.587</b>
Avsett utbytte	-22.871	-15.542	-15.542
Frådrag for forsvarleg verdsetjing	-560	-318	-318
Frådrag i rein kjernekapital	-8.097	-13.845	-13.845
<b>Rein kjernekapital</b>	<b>527.933</b>	<b>496.882</b>	<b>496.882</b>
Fondsboligasjoner	40.000	50.500	50.500
Frådrag i kjernekapital	0	0	0
<b>Sum kjernekapital</b>	<b>567.933</b>	<b>547.382</b>	<b>547.382</b>
Ansvarleg lånekapital	60.000	60.000	60.000
Frådrag i tilleggskapital	0	0	0
<b>Sum tilleggskapital</b>	<b>60.000</b>	<b>60.000</b>	<b>60.000</b>
<b>Netto ansvarleg kapital</b>	<b>627.933</b>	<b>607.382</b>	<b>607.382</b>
	31.12.2020	31.12.2019	31.12.2019
<b>Eksponeringskategori (vekta verdi)</b>			
Statar	0	0	0
Lokal regional myndighet	25.656	20.784	20.784
Offentleg eigde føretak	0	0	0
Institusjonar	15.714	5.930	5.930
Føretak	248.405	277.539	277.539
Massemarknad	0	0	0
Pantsikkerheit eigedom	2.018.850	1.971.910	1.971.910
Forfalne engasjement	41.588	6.824	6.824
Høgrisiko engasjement	89.271	0	0
Obligasjoner med fortrinnsrett	19.628	7.553	7.553
Fordring på institusjonar og føretak med kortsiktig rating	53.911	48.682	48.682
Andelar verdipapirfond	20.414	0	0
Eigenkapitalposisjonar	53.863	53.152	53.152
Øvrige engasjement	167.161	277.892	277.892
CVA-tillegg	0	362	362
<b>Sum berekningsgrunnlag for kreditrisiko</b>	<b>2.754.461</b>	<b>2.670.630</b>	<b>2.670.630</b>
Berekningsgrunnlag frå operasjonell risiko	199.959	190.721	190.721
<b>Berekningsgrunnlag</b>	<b>2.954.420</b>	<b>2.861.351</b>	<b>2.861.351</b>
<b>Kapitaldekning i %</b>	<b>21,25 %</b>	<b>21,23 %</b>	<b>21,23 %</b>
<b>Kjernekapitaldekning</b>	<b>19,22 %</b>	<b>19,13 %</b>	<b>19,13 %</b>
<b>Rein kjernekapitaldekning i %</b>	<b>17,87 %</b>	<b>17,37 %</b>	<b>17,37 %</b>
<b>Konsolidering av samarbeidande grupper</b>			
Fra 01.01.2018 skal alle bankar rapportera kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper.			
Banken har ein eigarandel på 0,19 % i Eika Gruppen AS og på 0,44 % i Eika Boligkreditt AS.			
	31.12.2020	31.12.2019	
<b>Rein kjernekapital</b>	<b>529.639</b>	<b>504.551</b>	
<b>Kjernekapital</b>	<b>572.384</b>	<b>558.189</b>	
<b>Ansvarleg kapital</b>	<b>635.843</b>	<b>622.145</b>	
<b>Berekningsgrunnlag</b>	<b>3.106.358</b>	<b>3.020.371</b>	
<b>Kapitaldekning i %</b>	<b>20,47 %</b>	<b>20,60 %</b>	
<b>Kjernekapitaldekning</b>	<b>18,43 %</b>	<b>18,48 %</b>	
<b>Rein kjernekapitaldekning i %</b>	<b>17,05 %</b>	<b>16,70 %</b>	
<b>Uvekta kjernekapitalandel i %</b>	<b>8,90 %</b>	<b>9,05 %</b>	

## NOTE 10 - AKSJAR

Dei 20 største aksjonærane

**31.12.2020**

Namn	Behaldning	Eigarandel
VOSS SPAREBANK	210.764	9,49 %
BERGEN KOMMUNALE PENSJONSKASSE	114.541	5,16 %
MP PENSJON PK	87.181	3,93 %
AUGUST RINGVOLD AGENTUR AS	52.659	2,37 %
PROFOND AS	50.585	2,28 %
VPF EIKA EGENKAPITALBEVIS	49.461	2,23 %
WERGELAND HOLDING AS	37.823	1,70 %
BJØRKEHAGEN AS	36.000	1,62 %
LIMONE AS	34.600	1,56 %
FORLAGSHUSET VIGMOSSTAD & BJØRKE AS	24.110	1,08 %
HAKATAI AS	20.855	0,94 %
FJORDSYN AS	20.180	0,91 %
JOH RASMUSSEN & RACINE AS	20.000	0,90 %
FOSSEN HAAKEN	19.001	0,86 %
DØSKELAND BØRGE	18.750	0,84 %
SALT VALUE AS	18.176	0,82 %
HASLELUND HOLDING AS	18.069	0,81 %
VAKSDAL ANDERS	17.874	0,81 %
VOSS VEKSEL- OG LANDMANDSBANK ASA	16.796	0,75 %
SLÅPEKROKEN AS	15.040	0,68 %
<b>Sum 20 største</b>	<b>882.465</b>	<b>39,74 %</b>
Øvrige aksjonærar	1.338.047	60,26 %
<b>Totalt tal aksjar (pålydande kr 5,-)</b>	<b>2.220.512</b>	<b>100,00 %</b>

**Tal aksjar:** **2.220.512**

Aksja si matematiske verdi ved utgangen av 4. kvartal: 251,95  
Børskurs ved utgangen av 4. kvartal: 160,00

**31.12.2019**

Namn	Behaldning	Eigarandel
VOSS SPAREBANK	209.229	9,42 %
BERGEN KOMMUNALE PENSJONSKASSE	115.641	5,21 %
MP PENSJON PK	87.181	3,93 %
HAUGALAND KRAFT PENSJONSKASSE	64.069	2,89 %
AUGUST RINGVOLD AGENTUR AS	52.659	2,37 %
ANDERS VAKSDAL	41.145	1,85 %
WERGELAND HOLDING AS	37.823	1,70 %
BJØRKEHAGEN AS	36.000	1,62 %
LIMONE AS	34.600	1,56 %
SPAREBANK 1 SR-BANK PENSJONSKASSE	31.000	1,40 %
KRISTIAN HODNE AS	27.300	1,23 %
VPF EIKA EGENKAPITALBEVIS	25.641	1,15 %
FORLAGSHUSET VIGMOSSTAD & BJØRKE AS	24.110	1,09 %
HAKATAI AS	20.855	0,94 %
JOH. RASMUSSEN & RACINE AS	20.000	0,90 %
FJORDSYN AS	19.040	0,86 %
HAAKEN FOSSEN	18.201	0,82 %
VOSS VEKSEL- OG LANDMANDSBANK ASA	16.556	0,75 %
SLÅPEKROKEN AS	15.040	0,68 %
IVAR GJØSTEIN	14.420	0,65 %
<b>Sum 20 største</b>	<b>910.510</b>	<b>41,00 %</b>
Øvrige aksjonærar	1.310.002	59,00 %
<b>Totalt tal aksjar (pålydande kr 5,-)</b>	<b>2.220.512</b>	<b>100,00 %</b>

**Tal aksjar:** **2.220.512**

Aksjen sin matematiske verdi var ved utgangen av 4. kvartal: kr 237,15  
Børskurs ved utgangen av 4. kvartal: kr 156,00

## NOTE 11 - HENDINGAR ETTER BALANSEDAGEN

Det har ikkje førekommne hendingar etter utløpet av perioden som medfører endringar av rekneskapen, tilllegsopplysningar i rekneskapen eller endringar av notar til rekneskapen.

### NYKKELTAL

	4. kvartal	4. kvartal	Året
	2020	2019	2019
<b>Nykkektal er annualisert der anna ikkje er spesifisert</b>			
<b>Resultat</b>			
Kostnader i % av inntekter justert for VP	53,93 %	44,61 %	44,61 %
Kostnadsvekst siste 12 mnd	15,81 %	-2,36 %	-2,36 %
Eigenkapitalavkastning*	6,11 %	9,61 %	9,61 %
Andre inntekter i % av totale inntekter (ekskl. VP)	11,92 %	11,32 %	11,32 %
Innskotsmargin hittil i år	-0,11 %	0,39 %	0,39 %
Utlånsmargin hittil i år	2,21 %	1,93 %	1,93 %
Netto rentemargin hittil i år	1,61 %	1,81 %	1,81 %
<b>Innskot og Utlån</b>			
Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	20,58 %	20,24 %	20,24 %
Andel lån overført til EBK - kun PM	8,10 %	8,86 %	8,86 %
Innskotsdekkning	79,84 %	72,55 %	72,55 %
* EK-avkastning etter berekna skatt - Annualisert			
<b>Nykkektal er annualisert der anna ikkje er spesifisert</b>			
<b>Soliditet</b>			
Rein kjernekapitaldekkning	17,87 %	17,37 %	17,37 %
Kjernekapitaldekkning	19,22 %	19,13 %	19,13 %
Kapitaldekkning	21,25 %	21,23 %	21,23 %
Leverage ratio	9,58 %	9,72 %	9,72 %
<b>Likviditet</b>			
LCR	560	440	440
NSFR	130	124	124